

Synfaring Fv49 Kvamskogen, reguleringsplan Teigaberget-Rindarane

Formål: Som vedtak i SAMO 03.06.2020:

Saka vart handsama i hovudutval for samferdsel og mobilitet den 03.06.20 med slikt vedtak:

1. Saka vert utsett.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren gå tilbake til søkar, og om mogleg gjennom befarung og dialog sjå om det er mogleg å komme fram til ein akseptabel løysing for nytt kryss på FV49 ved Teigabergtunellen på Kvamskogen.

Dato 07.12.2020 kl 1200-1330

Til stades

| | |
|----------------------------------|---|
| Vestland fylkeskommune | Bjørn Skorpa Eikeland, Carl Nielsen, Terje Vidar Hoel |
| Statens vegvesen | Kurt Skagen |
| Kvam herad | Torgeir Næss, Ottar Randa, Leiv Ingmar Kaale |
| Konsulent | Geoplan/Solveig Valland |
| Planfremjar | Teigaberg AS/Svein Steine |
| Grunneigar hovudbruk 19/11 | Johan Skeie |
| Grunneigar/repr. hytteeigedommar | Lasse Føli, Trond Eirik Føli, Ørjan Nordvik |

Ved høring av reguleringsplanen i 2018 er sett fram krav frå Stens vegvesen om avstand frå tunnel til kryss lik 2 gonger stoppsikt for tilhøyrande vegklasse, sett til 230 meter.

Geoplan presenterte skisser for tre alternativ til kryssplassering på sørsida av vegen:

Alt. 4 (vist sikt 10x164 m)

Alt. 5 (vist sikt 10x138,5 m)

Alt. 6 (vist sikt 10x220 m)

Innsett aktuelle/omforeinte verdiar for fv 49

– vegklasse Hø1

– tilrådd redusert fartsgrense til 70 km/t

- og aktuell stigning 5% opp frå tunnel

blir stoppsikt etter formel 6.1.6 i HB V120 lik 80 meter og **to gonger stoppsikt lik 160 meter.**

Repr. for fylkeskommunen presiserte at dei vil halda på kravet om to gonger stoppsikt. I dette tilfellet vurderer dei at 160 m kan akseptast innanfor handbøkene sine krav utan at det blir behandla som fråvik. Statens vegvesen sin repr. viste til fylkeskommunen for behandling av detaljerte krav, men presiserte at busslommer også må plasserast i tråd med krav i handbøkene.

Vidare arbeid

Konsulenten framstiller skisse av løysing med kryss plassert ca 160 m frå tunnel, inkl busslomme og gangveg/tilkomstveg. Dette vert sendt over til fylkeskommunen og Statens vegvesen til vurdering og uttale.

Søkjaren må innhenta nødvendige løyve frå berørte grunneigarar.

07.12.2020

Notat v/Svein Steine